

REFERAT FRÅ MØTE I FAU PÅ SMØRÅS SKOLE 26.10.2021

Til stades:

- 1. trinn: Bjørnar
 - 2.trinn: Jannicke (leder)
 - 3.trinn: Britta, Arild
 - 4. trinn: Hilde
 - 5. trinn: Mona og Charlotte
 - 6. trinn: Guro og Katrine
 - 7.trinn: Linda
- Rektor Ingvild

Ikkje til stades:

Cecilie (1. trinn), Stian (2. trinn), Torunn (4. trinn) og Margrethe (7.trinn)

Rektor informerer

Fotograf: 08.11.21. Alle klasser tar klassebilde. Portrettfoto på 1. og 7. trinn. Ute viss fint ver. Ranselpost kjem.

Uteareal: Midlar er brukt opp, men Ingvild skal likevel kome med eit konkret ynskje om t.d. hinderløype. Me må ikkje vente oss for mykje. Skal også søke etter andre midlar. Spørsmål om kva me tenkjer oss oppe på plassen. Småleikeapparat til 1.-2.trinn kan være kjekt. Baskeballnett på baksida har fått asfalt under. Det kjem nytt basketballnett framme på plassen og.

Nytt brannvarslingsanlegg på heile huset. Det har skjedd mykje god oppgradering av huset siste året.

Utleige: Me opnar opp meir og meir. Utleige til fotball. Diverse utlån av Eventyrhuset og utleige av gymsal er det også opning for no. Mykje er alt oppteke i gymsalen.

Eventyrhuset kan nyttast i helger viss ein har tilsynsvakt. Det vil vere ein prøveperiode på dette ut skuleåret. Reinhold viktig. Det finst skriftlege reglar for leige av Eventyrhuset. Ein kan bruke hemsane, men ikkje andre etasje med kontor etc.

Eventyrhuset er pussa opp med nytt golv og nye veggjar. Grillhuset er nesten ferdig. Det skal kome plate på golvet, omn og isolasjon/kledning og benkar. Det er tanken at dette også skal kunne leigast / lånast.

Elevrådet: Kvifor er ikkje dei minste trinna med? Rannveig og Ingvild vil oppretthalde grensa frå 4. trinn. I opplæringslova står det frå 5. trinn, men opning for yngre. 1.-3. trinn får likevel uttale seg i miljøtimer på trinnet. Sakene derifrå vert formidla vidare til elevrådet.

Arrangement: Skulen har hatt Fritt Show frå 1.-4. og for 5.-7. Elevrådet gjorde ein god jobb med dette. FN-markering med opplesing av Elevrådet og Smøråssangen har og vore

gjennomført. Dette var også høgtidleg start på refleksaksjonen. Julegudsteneste 14.12 (Skjold kyrkje) og juleverkstad. Det blir også BliMe-dans (19.11) og juleavslutningar i desember.

Ventilasjonsanlegg som bråkar for naboane: Det blir jobba med saka, men ein har enno ikkje funne feilen.

Det vil etter kvart vere mogeleg for foreldre å delta meir på arrangement, t.d. på Fritt Show eller liknande. Ynskje frå FAU om oppsummerande ranselpost om kva foreldre no har lov til å kome og sjå på.

Hjartesone: Her ventar me på at kommunen skal kome og sjå.

Retting av klokke på skuleplassen er bestilt.

Skulebygget er klarert av Miljørettet helsevern. Bygget er utbetra og oppdatert.

FAU saker:

FAU plar ha møte tysdagar kl. 18.30.

Elevrådet: Me kan rekne med at dei yngste elevane blir høyrd ved at elevrådet kjem til dei. Førebels let me saka liggje.

Uteområdet: Lite sannsynleg at me får eit skikkeleg klatrestativ/hinderløype. Dette er dyrt. Har barna fått kome med forslag for uteområdet? Forslag frå FAU: Hinderløype og/eller klatrestativ (utan å øydeleggje friområda). Kunne me engasjert nokon til å lage ein plan ein kan følge gjennom nokre år? Kan me byrje på ei hinderløype og bygd han ut? Går det an å engasjere ein student som vil gjere dette som ei oppgåve?

Uteskule/uteaktivitet: FAU ynskjer meir uteaktivitetar i løpet av kvardagen til elevane våre, særleg meir aktivitet i SFO-tida. Gjerne nytte skøytebanen mykje i år og bruke Tranevatnet enda meir.

SFO-vedtektene:

Mange elevar nyttar seg av Smørås-akademiet, og det blir ytra ynskje om 40 % plass, men kommunen har meld tilbake at det ikkje er mogeleg å få mindre enn 60 %.

Kunne ein hatt eit litt eksklusivt tilbod for 4. trinn? Blåturen i juni er ikkje nok til å halde barn på SFO. Konkret forslag: Tilbod om basket el.l. kvar veke til fast tid?. Kan koret bli starta opp att? Kan me få informasjon om korpset? (Guro melder ynsket til Smørås skolemusikk). Kan ein lodde stemninga for kva barna ynskjer av aktivitet? Viser til Rammeplan for SFO: <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/planer-i-kommunen/informasjon-om-enkeltplaner/byradsavd-for-barnehage-skole-og-idrett/helhetlig-plan-for-sfo>

FAU ynskjer meir konkret informasjon om innhald/aktivitetar i SFO-tida i vedtektene, men kanskje er dette utanfor rammene av vedtektene? Ei mindre gruppe frå FAU vil på sikt be om eit møte med leiinga av SFO, og ha ein dialog om innhald og aktivitetar. (Jannicke og Bjørnar følger opp).

Barnevakten/nettvett: Barnevakten kostar pengar og er vanskeleg å organisere for heile foreldregruppa pga. manglande eigna lokale på skulen. Barnevakten kan t.d. vere i regi av FAU og skulen i lag, men det er relativt dyrt. Forslag om å dele skulen i to ut i frå trinn. Linda tek kontakt med Barnevakten og sjekkar kva moglegheiter me har.

Applaus for årets Smøråssprett. Fana IL er villige til å hjelpe til ein annan gong og. Kan kontoret lagre informasjonen for å sikre informasjonsflyten? (Det finst bl.a. ein fysisk 17. mai-perm).

Smøråssprett: Eit årleg arrangement, som 7. trinn arrangerer i september (planlegginga bør starte våren på 6. trinn). Dette er trinnet som heilskap sitt ansvar, ikkje FAU-representantanes ansvar.

Halloween: Runde på korleis Halloween er planlagt på dei ulike trinna, veldig mange trinn skal avvike noko felles ila. veka før Halloween, det er bra. Ein inkluderande Halloweenfeiring / felles avvikling av Halloween er ynskjeleg for alle trinn, og det kan vere hensiktsmessig at eit slikt initiativ ligger hos dei ulike klassekontaktane. Ein kan sjølvsagt ikkje vente eit tilbod på sjølve Halloween for alle.

Neste møte: 07.12.2021 kl. 18.30.

Referent: Guro Nygård